

Fra: Elizabeth Warren (Elizabeth.Jan.Warren@hfk.no)

Sendt: 06.02.2017 10:20:15

Til: 'eliwarr@hfk.no'

Kopi:

Emne: Utlysning av tilskot i samband med kulturminneplaner i kommunane (KIK) - 2017

Vedlegg: Invitasjon til samarbeid RA 2017.pdf

Utlysning av tilskot for kulturminneplanarbeid i Hordaland.

- Frist for kommunar som kan søkje statleg midlar **Jondal, Lindås, Masfjorden, Modalen, Stord og Voss** som kan søkje om inntil kr 100 000,- kulturminneplan midlar frå Riksantikvaren er **fredag 10. februar**

jf. vedlagt brev frå Riksantikvaren.

- Frist for kommunar som kan søkje fylkeskommunal midlar er **fredag 17 februar 2017**.

I prioritert rekkjefølge:

1. Kommunar som ikkje har fått fylkeskommunal støtte til kulturminneplanarbeid eller til revisjon av kulturminneplanen kan søkje om inntil kr 100 000,- Dette gjeld **Bergen og Modalen**.
2. Kommunar som ikkje har fått stønad til innlegging av prioritert kulturminne i den nasjonale kulturminnedatabasen Askeladden kan søkje om inntil kr 50 000,- i stønad til dette arbeidet

Kommunar med vedtatt kulturminneplaner vert prioritert – dette gjeld **Austevoll og Vaksdal**.

Kommunar som skal vedta eller legge kulturminneplan ut på høyring i løpet av 2017 kan også søkje og vert prioritert så langt avsette midlar strekke til

3. Alle kommunar med vedtatt kulturminneplan kan søkje om inntil kr 50 000,- stønad til rettleiings- og formidlingsprosjekt i tråd med handlingsplan i kulturminneplan. Prosjekter som har overføringsverdi til andre kommunar og samarbeidsprosjekter mellom kommunane vert prioritert.

Søknaden sendast til hordaland fylkeskommune med kopi til eliwarr@hfk.no merket - KIK 2017.

Søknaden skal inneheld:

1. status på kulturminneplanarbeid
2. ei kort skildring av prosjektet
3. framdriftsplan
4. finansieringsplan
5. For pkt 3 må en viser til relevant tiltak i handlingsplan og evt. relevans for andre kommunar

Venleg helsing

Elizabeth Warren

Seniorrådgjevar

Kultur- og idrettsavdelinga | fylkeskonservator

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Tlf: 55 23 91 98 | Mob: 958 954 68

www.hordaland.no